



BKK Nett AS  
Eirik Mjelde

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3237 - 19/23327

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
07.08.2019

## Dispensasjon frå LNF-føremålet for etablering av nettstasjon - gbnr 217/3 Romarheim

**Administrativt vedtak. Saknr:** 447/19

**Tiltakshavar:** BKK Nett AS

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplana sin arealdel for oppføring av nettstasjon med bygd areal (BYA) ca. 6 m<sup>2</sup>.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.05.2019 og supplert 05.08.2019.

### Planstatus

Område der nettstasjonen skal plasserast ligg innafor reguleringsplan for E39 Eikefet Romarheim, men arealet sett av til LNF vert forvalta av kommuneplana sin arealdel.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplana sin arealdel.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

**Henviser til førebels svar på dispensasjon med trang for tilleggsopplysninger Gnr/Bnr 217/3 Romarheim til undertegnede datert 17.07.19.**

**BKK Nett AS søker med dette om dispensasjon frå LNF formål i Kommunens arealplan for Gnr/Bnr 217/3 Romarheim.**

**Dispensasjonssøknaden for tiltaket vert grunngjeven med allmenn strømforsyning i samsvar med områdekonsesjonen. Grunneigar av Gnr/Bnr 217/3 er orientert om planen og BKK Nett reknar med å få i stand avtale med grunneigar.**

### Uttale frå anna styresmakt



Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Vestland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

Søknad omfattar også søknad om dispensasjon i frå byggjegrænse mot veg. Denne skal handsamast av Statens vegvesen.

#### **Nabovarsel**

Søknad om dispensasjon er ikkje nabovarsla.

Det går fram av plan- og bygningslova § 21-3 annet ledd «*varsel etter første ledd kan unnlates når arbeidet ikke ,eller i liten grad, berører interessene til naboer og gjenboere*»

Saka har vore til uttale hos Statens vegvesen som vegmynde, og søknad inneheld også søknad om dispensasjon i frå byggjegrænse mot veg som skal handsamast av Statens vegvesen.

Vidare syner vi til at etablering av nettstasjonen er innafor rammene for konsesjon, og samla sett finn ein at det kan gjevast fritak i frå nabovarsle dispensasjonen i saka.

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 05.08.2019.

Tiltaket ligg innafor området LNF i kommuneplana sin arealdel.

Avstand til midtveg av offentlig veg er opplyst å vere 19 meter. Søknad om dispensasjon i frå byggjegrænse mot veg skal handsamast av Statens vegvesen.

#### **Vatn og avløp (VA)**

Det er ikkje søkt om vatn- og avlaupshandtering.

#### **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Det er ikkje søkt om tilkomst til nettstasjonen.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

#### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### **VURDERING:**

##### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Vurdering:

Områda sett av til LNF har eit særskilt vern, og det er kun tillatt med tiltak knytt til landbruk, natur og friluftsliv innafor desse områda. LNF skal sikre at områda er open og tilgjengeleg for allmenta og at dyrkbar, eller potensiell dyrkbar mark ikkje vert bebygga.

Når det gjeld omsøkte tiltak har vi vektlagt at dette er eit tiltak med allmenn nytteverdi og er av begrensa storleik. Tiltaket skal plasserast i nærleiken av vegbana og vil difor ikkje føre til oppstyking av landbruksareal. Vi kan ikkje sjå at omsøkte tiltak er til hinder for allmenn ferdsel eller bruk av området, og vår vurdering er at omsynet bak LNF ikkje vert vesentleg sett til side i denne saka.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå LNF-føremålet.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen finn at tiltaket ikkje vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplana sin arealdel for oppføring av nettstasjon knytt til straumforsyning.**

**Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som syna på innsendte situasjonskart datert 05.08.2019.**

**Vi gjer merksam på at tiltaket kan vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2.**

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.  
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Bortfall av løyve**

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

BKK Nett AS